

INNSPEL TIL REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR, OTRAVASSDRAGET.

Vilkårsrevisjon i Otravassdraget.

Kristiansand, Iveland, Vennesla, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommunar har saman planlagt å krevja revisjon av vilkåra i konsesjonane gitt i Otravassdraget. Kommunane har hatt to møte om saka, saman med advokat. Ei revisjonssak kan ta mange år, og sjølve prosessen er det NVE som har styring med. Før kommunane kan senda krav om revisjon må det kartleggast kva ein krev revisjon av. Til dette treng kommunane hjelp frå interesseorganisasjonar, grunneigarar og innbyggjarar flest.

Kva kan reviderast?

Det er ikkje sjølve konsesjonen som kan reviderast, den ligg fast. Det betyr at det ikkje er aktuelt å leggja ned kraftproduksjon eller revidera høgaste og lågaste regulerte vasstand i magasinane. Derimot kan det vera aktuelt å sjå på ting som:

- Sommarvasstand
- Minstevassføring i enkelte elvar
- Tersklar og/eller vasspeil i elvar og bekkar
- Erosjonssikring
- Tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget
- Endringar i levevilkår for fisk og eventuell fiskeutsetting
- Endringar i vilt og levevilkår for viltet
- Biologiske faktorar
- Biotopjusterande tiltak
- Mm.

Det er ikkje løysingane som det er viktig å få inn, men gjerne problemstillingar.

- Er det til dømes skjedd endringar med miljø, dyreliv, fisk eller ferdsel som ikkje var teke høgde for ved konsesjonstidspunktet?
- Er det ting som den gong var akseptert men som i dag ville vore handsama annleis?

Merk at det berre er ålmenne vilkår som kan takast opp, spesifikke grunneigarspørsmål som t.d. skjønn og erstatningar er ikkje tema.

Korleis:

Kommunane ber om at innspel blir sendt inn til din kommune innan 20.april og tydeleg merka at det gjeld vilkårsrevisjon Otravassdraget. Ta gjerne kontakt med kommunen ved:

Inge Olav Fjalestad

inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Innspela bør følgja dette mønsteret:

1. Namn på innspelet
2. Plassering i geografi.
3. Skildring av problem/utfordring / skadar eller ulemper ved reguleringa som ein ynskjer skal løysast. Eventuelt også framlegg til tiltak, men dette er ikkje nødvendig.
4. Namn på innsendar (Berre for at kommunen skal kunne ta kontakt – i endeleg sak vil alle innspela vera kommunen sine innspel)
5. Eventuelle supplerande opplysningar.

Kommunane tek sikte på at kravet blir utarbeidd seint vår / tidleg haust. Innspela må difor vera innlevert innan 20.april.

Vidare prosess:

Dersom NVE opnar revisjonssak etter mottak av krav og godtek at det kan startast revisjonssak, så er det konsesjonæren som utarbeider eit revisjonsdokument. Utreiingar og faglege vurderingar blir dekkja av dei. Etterpå følgjer høyring og innstilling frå NVE, før Departementet fastset nye vilkår.